



NorseImpact

Korleis jobbar vi med data i prosjektet?

I Norse Impact-prosjektet arbeider vi med å utvikle persontilpassa digital behandling innan psykisk helsevern. For å få dette til, treng vi gode og komplette datasett – men alltid med trygg og ansvarleg handtering.

Data vi brukar er anonymiserte og henta frå klinisk praksis, som til dømes Norse Feedback og Kostnad per pasient (KPP). Før analysane startar, blir alle direkte identifikatorar fjerna, og informasjonen vert handsama etter strenge rutinar i eit lukka og sikkert servermiljø.



Vi har etablert tydelege avtalar med dataleverandørar, eigne prosedyrar for anonymisering, og ei arbeidsgruppe som vurderer personvernrisiko fortløpande. DPIA-arbeidet er enda under ferdigstilling. Kompetanse frå Helse Vest IKT på datahandtering og anonymisering, kompetanse frå Helse Førde og HVL på prosjektstyring, og kompetanse frå teknologipartner på datahandtering er alle aktive i denne prosessen.

Målet vårt er å gjere helsetenestene betre og meir treffsikre, samstundes som vi tek vare på personvernet på høgaste nivå.

Kva har skjedd sidan sist?

- Vi har fått løyve til å forske på store datasett frå REK
- Prosjektsamling for stipendiater blei arrangert i Stavanger i mai
- Teknologiutviklinga held fart - 4300 programmeringstimar og to innspelsmøter er gjennomført til no
- Prosjektet sine brukarrepresentantar deltek aktivt!



Brukerinvolvering er viktig!

Prosjektet har knytt til seg brukarmedverknadskoordinator Annelin Festervoll. Ho skal støtte medverknadsstrategiar og nettverk på tvers av arbeidspakkane, og har fått eit prosjektmandat til dette. Ho representerer også prosjektet i medverknadsforskingssmiljø – der breidda av medverknadstenking vekker interesse.

Prosjektsamling for stipendiatar i Stavanger

I mai deltok dei tre stipendiatane på ei to dagars samling i Stavanger saman med dei lokale rettleiarane. Stipendiatane delte frå eigne ph.d.-prosjekt, fekk innspel frå kvarandre og hadde gode diskusjonar. Rettleiarane, som er forskarar med lang erfaring, delte nyttige erfaringar, med tips og triks for best mogleg framdrift og kvardag som ph.d.-kandidatar. Stipendiatane fekk råd om publiseringsstrategi, struktur, det å setje av tid og rom, bruk av kunstig intelligens, og viktigheita av å feire milepålar vart understreka.



Dei fekk og ei nyttig innføring i kva brukarmedverknad er frå ein av prosjektet sine brukarmedverknadsrepresentantar, og korleis dei konkret kan bruke brukarmedverkarar i eigne prosjekt. Sidan alle høyrer til det same overordna forskingsprosjektet, men er lokaliserte tre ulike stader i Noreg, opplevast det som nyttig både sosialt og fagleg å ha fysiske møtepunkt fleire gonger i året.

Bli kjent med prosjektleiar Christian Moltu

Fortel oss litt om deg sjølv og din bakgrunn

Eg heiter Christian Moltu og er forskningssjef i Psykisk helsevern i Helse Førde og er professor ved Høgskulen på Vestlandet. Eg er psykolog. Eg har ein lang bakgrunn innan psykisk helseforskning, på terapi, betring og innovasjon. Elles har eg sambuar og tre barn mellom 7 og 13 år, og er glad i å sykle, jakte, gå på ski og ete!



Fun-fact om Christian:

«Eg fanga ein mink i ei felle ein gang då eg var 9 år. Neste dag då foreldra mine kom att frå jobb hadde eg innreidd rommet mitt til kontor med telefon. Eg hadde òg ringt til Oslo mink-auksjon og avtalt at eg nok kom til å ha ein batch med 100 mink til levering innan kort tid, og forhøyrte meg kor mykje eg kunne få betalt. Eg er utprega optimist!»

Kan du fortelje oss litt om di rolle i prosjektet?

Som prosjektleiar i Norse Impact har eg ansvar for å styre prosjektet rett, sjølv om vi nokre gongar må navigere mellom krevjande datasett, ulike medverknadsprosessar og kronglete regelverk. Eg jobbar tett med eit fantastisk lag av forskarar, teknologar og brukarar for å sikre at vi skaper noko som verkeleg gjer ein forskjell.

Kvifor er dette prosjektet viktig?

Psykisk helse er noko som rører ved oss alle, og systemet vårt er ikkje bygd for å takle den aukande etterspurnaden. Norse Impact handlar om å bruke data smart, slik at pasientar får betre, meir personleg tilpassa hjelp – før, under og etter behandling. Det er på tide å gå frå "venting på timar" til "handling her og no"!

Kva inneber arbeidspakken din?

Eg har med fleire arbeidspakkar å gjere, frå å utvikle algoritmar som knyter tiltak til person, til å jobbe metodisk med kvalitative metodar. Eg håper å vere til støtte for og legge til rette for alle arbeidspakkane.

